



Gunvald Friheim og Knut E. Skåla skjær tømmer på Vangsago

I ein større BT artikkel sist laurdag vert Gunvald Friheim omtala som sagmeister på Vangsago i Rosendal. Det undrar oss ikkje. Gunvald frå Friheim i Uskedalen er ein aktiv pensjonist, som gjer eit stort frvillig arbeid i fleire bygder. Han er tidlegare tildelt kommunen sin Frivilligpris.

Interesselaget Vangsago frå 1997 har flytta og restaurert oppgangssaga med historie tilbake til 1500 talet. Saga er modernisert og endra mange gonger, seinast i 1875. Med Gunvald Friheim og mange andre eldsjeler vert Vangsago driven og synt fram for turistar og andre interesserte.



Sagmeisteren ser til at saga har nok olje.

Vangsago er eit kulturminne som vert teken vare på ved aktiv bruk. Tradisjonsboren kunnskap er viktig og Gunvald Friheim brukar mykje av si fritid på dette prosjektet.

Skore tømmer vert for tida brukt til ny restaurering, nemleg istandsetting av eldre stølar i område rundt Rosendal. Det må nemnast at Torgeir Helgeland frå Uskedalen var tiltenkt ei viktig oppgåve i flyttinga av Vangsago. Han omkom i ei bilulukke og fekk ikkje oppleva den nye Vangsago som eit vellukka prosjekt.

Tekst/nett: Krtistian Bringedal

Foto: Faksimile frå BT, laurdag 25. juli 2016